

**Fra:** Jens Bjordal <jens.nagell.helge@outlook.com>  
**Sendt:** tirsdag 10. mai 2022 11:48  
**Til:** Larissa Dahl  
**Kopi:** Postmottak Alver; Oddbjørn Meland  
**Emne:** VS: sak 21/1663 tomannsbustad - gbnr 309/217 og gbnr 309/218 Hjertås vedr. mellombels bruksløyve

Hei!

Viser til vedlagde e-post som vart sendt deg 28.april. Eg fekk då beskjed om at du hadde ferie til 5.mai. Vi skriv i dag 10. mai. Då det er svært viktig for tiltakshavar å få mellombels bruksløyve for bygga, ber ein om snarleg og positivt svar.

Mvh.

Jens Bjordal  
Ansv. Søkjar.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Jens Bjordal  
Sendt: torsdag 28. april 2022 21:10  
Til: Larissa Dahl <[larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no)>  
Kopi: Oddbjørn Meland <[oddb-mel@online.no](mailto:oddb-mel@online.no)>  
Emne: SV: sak 21/1663 tomannsbustad - gbnr 309/217 og gbnr 309/218 Hjertås vedr. mellombels bruksløyve

Hei!

Etter retningslinene i Byggsaksføresegnene kan kommunen gi mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket dersom attståande arbeid ikkje har nokon risiko for liv eller helse eller andre tryggleiksfaktorar. Kommunen kan sette frist for endeleg ferdiggjering etter framlegg frå tiltakshavar. Det som attstår for desse to bygga som nå er ferdig , er opparbeiding av ein felles leikeplass dersom det vert bygd minst 4 bueiningar på denne adressa. Slik opparbeiding av leikeplass har ingenting med tryggleik for dei som skal ta bygget i bruk slik at kommunen har fult høve til å gi mellombels bruksløyve og heller sette ein frist til kva tid desse leikeplassane skal ferdigstillast eller ein frist for å avklara om tiltakshavar har plikt til å opparbeida desse plassane ved ein eventuell søknad om endring av gitt rammeløyve.

Det er kommunen sitt skjønn som avgjer om mellombels bruksløyve skal gjevast. Eit slikt skjønn skal i tilfelle grunngjevast sakleg og kommunen må og ha ein praksis som sørgjer for likebehandling. Ein gjer og merksam på at avslag på mellombels bruksløyve er eit enkeltvedtak som kan påklagast. Klagerett skal oppgjevast i vedtaket.

Ansvarleg søkjar og tiltakshavar ber om at søknaden om mellombels bruksløyve vert vurdert på nytt med bakgrunn i ovanstående og gjeldande retningslinjer i Byggsaksføresegnene.

Mvh.

For tiltakshavar.  
Ansvarleg søkjar.  
Jens Bjordal.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Larissa Dahl <[larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no)>

Sendt: torsdag 28. april 2022 15:40

Til: Jens Bjordal <[jens.nagell.helge@outlook.com](mailto:jens.nagell.helge@outlook.com)>; Postmottak Alver <[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)>

Kopi: Oddbjørn Meland <[oddb-mel@online.no](mailto:oddb-mel@online.no)>; Are Frøysland Grande

<[are.froysland.grande@alver.kommune.no](mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no)>

Emne: sak 21/1663 tomannsbustad - gbnr 309/217 og gbnr 309/218 Hjertås vedr. mellombels bruksløyve

Hei! Etter vurderinga av saken ser vi ingen mulighet til å gi bruksløyve for tomannsbustad slik det ligg føre. Dere må søke om endringsløyve av rammeløyve for utomhus i sak 18/2440 Meland historik arkiv. Det må framgå tydelig frå søknaden om det skal søkjast om fleire bueiningar enn 4 for avklare krav om felles leikeplass. Ved oppføring av 4 bueiningar skal det ikkje oppførast felles leikeplass jf. kommunedelplan pkt.1.6.12:

I rammeløyve for utomhus står det:

Opparbeiding av leikeplass:

Leikeplass som vist på situasjonskart journalført motteke 08.11.2018 skal opparbeidast i samsvar med føresegn 1.6.12 (tabell 5) til KPA. Det blir stilt som vilkår for bruksløyve til nye bustader på gbnr 9/28 at arbeida er ferdig.

Vi kan ikkje utstede bruksløyve før avklaringen av framtidige byggeplaner.

Larissa Dahl | Rådgjevar Plan og byggesak

E-post: [byggesak@alver.kommune.no](mailto:byggesak@alver.kommune.no)

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

<https://nam12.safelinks.protection.outlook.com/?url=http%3A%2F%2Fwww.alver.kommune.no%2F&amp;data=05%7C01%7C%7C9793739ec4694ea4211708da291c8936%7C84df9e7fe9f640afb435aaaaaaaaaaaa%7C1%7C0%7C637867499780943015%7CUnknown%7CTWFpbGZsb3d8eyJWIjoiMC4wLjAwMDAiLCJQIjoiV2luMzliLCJBTiI6I1haWwiLCJXVCI6Mn0%3D%7C3000%7C%7C%7C&amp;sdata=nGx5euNV0siFYvPFFVM4cVfwGgCIOsYRPLQtFtEclBg%3D&amp;reserved=0>

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på

<https://nam12.safelinks.protection.outlook.com/?url=http%3A%2F%2Fwww.alver.kommune.no%2Finnhald%2Fplan-bygg-og-eiendom%2Ftreng-du-hjelp%2F&amp;data=05%7C01%7C%7C9793739ec4694ea4211708da291c8936%7C84df9e7fe9f640afb435aaaaaaaaaaaa%7C1%7C0%7C637867499780943015%7CUnknown%7CTWFpbGZsb3d8eyJWIjoiMC4wLjAwMDAiLCJQIjoiV2luMzliLCJBTiI6I1haWwiLCJXVCI6Mn0%3D%7C3000%7C%7C%7C&amp;sdata=rJVW%2BX1HmgNuKOEYRoLwFck16FDLeayUp0%2BfPrSgGI%3D&amp;reserved=0> eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

-----Opphavleg melding-----

Frå: Jens Bjordal <[jens.nagell.helge@outlook.com](mailto:jens.nagell.helge@outlook.com)>

Send: onsdag 27. april 2022 22:03

Til: Postmottak Alver <[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)>

Kopi: Larissa Dahl <[larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no)>; Oddbjørn Meland <[oddb-mel@online.no](mailto:oddb-mel@online.no)>

Emne: Sender e-post: Endringsløyve - endra rekkverk på takterrassar til tomannsbustad - gbnr 309217 og g, Søknad om mellombels bruksløyve .Signert, Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 30928 Hjertås

Til Alver kommune v/ Larissa Dahl.

Vedlagd føl søknad om mellombels bruksløyve for ein tomannsbusta på gnr. 309 bnr. 28 i Alver.

Syner til dykkar brev. Sjå vedlegg der det vert gitt avslag på ferdigattest grunna manglande dokumentasjon på deler av tiltaket. Som dokumentasjon på tiltaket syner ein til tidlegare innsendt søknad om ferdigattest.

Det er avsett ein romsleg frist for fullføring av restarbeidet då desse delvis må sjåast i samanheng med den vidare utbygging for området. Det er planert plass for leikeplass for dei to eigedomane som nå er bygd og som det vert søkt om bruksløyve for.

Då byggareala er mindre enn 300 kvm. er det her ikkje krav av avfallsplan. Endringa med takrekkverk frå glas til tre er godkjent. Sjå vedlegg.

Reknar nå med at mellombels bruksløyve skulle vera kurant og at løyvet blir umiddelbart.

Mvh.

Jens Bjordal.

Meldingen er klar til å sendes med følgende fil- eller koblingsvedlegg:

Endringsløyve - endra rekkverk på takterrassar til tomannsbustad - gbnr 309217 og g Søknad om mellombels bruksløyve .Signert Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 30928 Hjertås